



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Telenor Infra AS  
Snarøyveien 30, M  
1360 FORNEBU

Olger Arne Synnes  
Synnesvegen 553, 6040 VIGRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
«REF»	«REFDATO»	2014/12469 - 69068/2020	Bjørn Ringstad, 71 28 04 39	16.07.2020


## **Varsel om oppstart av fredingssak for Vigra kringkastar, Synnes, Gnr. 6, bnr.5 - Giske kommune**

Møre og Romsdal fylkeskommune vil med dette varsle oppstart av fredingssak for Vigra kringkastar, Synnes, gnr. 6, bnr. 5 i Giske kommune. Dette blir gjort med heimel i Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) §§ 15 og 19, jf. § 22.

Dette varslet inneholder informasjon om førebels omfang av fredingssaken, følger av ein freding og vidare prosess. Det er høve til å kome med innspel til dette varselet innan **21. september 2020**.

### **Omfang av fredinga**

Varsel om freding etter kulturminneloven (kml) §§ 15 og 19 omfattar Vigra kringkastar med bygningar, konstruksjonar og strukturar, samt samanhengen mellom desse. Dette gjeld sendarbygg i mur (nr.1), lagerhus i tre (nr. 2), krigssendarbygg (nr. 3), feederhus (nr. 4), støypt bardunfundament (nr.5), mastetopp (nr. 6) og murbygning beståande av aggregat/trafokiosk/garasje (nr. 7). Fredingsvarslet etter § 15 gjeld både eksteriør og interiør. Med interiør meiner vi opphavlege overflater, teknisk utstyr, konstruksjonar og laust inventar.



Omfanget av fredinga vil bli nærmere definert i fredingsforslaget i samarbeid med berørte parter og på grunnlag av registreringar av Vigra kringkaster sitt kulturmiljø.

For å bevare tilkomsten og verknaden av kulturminnet i kulturmiljøet på Synnes, vert det også foreslått ei freding av området rundt kulturminna, jf. kml § 19. Endelig avgrensing av området vil bli vurdert i samarbeid med berørte parter før spesifisert forslag vert utarbeidd av fylkeskommunen. Førebels forslag til avgrensning er vist i vedlagte kart.

### **Grunnjeving for freding**

Vigra kringkaster blei mellombels freda av Møre og Romsdal fylkeskommune 13.07.18. Vedtaket blei påklaga av Norkring/Telenor og grunneigaren, men Klima- og miljødepartementet ga ikkje klaga medhald (10.01.2020). Riksantikvaren har i brev av 08.06.20 gjort greie for kulturminnet sin nasjonale verneverdi og konkluderer med at «*freding etter kulturminnelova er naudsynt for å sikre Vigra kringkastar...*»

### **Kort om kulturminnet**

Vigra kringkaster har en klar kulturhistorisk verneverdi i høve telekommunikasjon både i regional og nasjonal samanheng. Samtidig har det også stor regional og nasjonal symbolverdi i forhold til krigen og det tyske angrepet på Norge i aprildagane i 1940. Anlegget står også sentralt i utviklinga av Norge som ein moderne fiskeri- og kystnasjon. Dei einskilde bygningane og konstruksjonselementa er frå perioden 1935 – 1952.

### **Følgjer av freding**

Vedtaket om freding vil omfatte eit sett med fredingsføresegner som vil bli utarbeida i tråd med fredinga sitt føremål. Føremålet med fredingsføreseggnene er å sikre varig vern av kulturminnet og gi retningslinjer for forvalting og vedlikehald. Føreseggnene vil ikkje vere til hinder for vidare eller framtidig bruk og drift av anlegget, så lenge denne ikkje er i strid med føremålet med fredinga.

Det er eigar som er ansvarleg for det løypande vedlikehaldet, også når anlegget er freda. Eit prinsipp for dette arbeidet er å bevare mest mogleg av kulturminnet sine opphavlege bygningselement og at vedlikehaldet skjer i samsvar med opphavlege teknikkar og materialbruk. Freding vil medføre at eigar må søkje om tillating til å sette i gong tiltak og arbeid som går utover vanleg vedlikehald.

### **Vidare saksgang**

Varsel om oppstart av fredingssak vert, jf. Kml § 22, kunngjort i Sunnmørsposten, Norsk lysingsblad og lokalavisa Øy-Blikk.

Eventuelle merknader og innspel til varsel om oppstart av fredingssaka kan sendast elektronisk til [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no) eller pr. brev til:

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkeshuset  
Postboks 2500  
6404 Molde

### **Frist for merknader er satt til 21. september 2020.**

Etter at fristen for å kome med innspel til varselet er gått ut, vil Møre og Romsdal fylkeskommune utarbeide eit forslag til freding. Dette er eit omfattande arbeid, og det vil ta noko tid før forslaget ligg føre. Også fredingsforslaget vil bli sendt på høyring til berørte parter og lagt ut til offentleg ettersyn i fylkeskommunen og kommunen, før saken blir lagt fram for fylkestinget. Deretter vil fylkeskommunen sende forslaget om freding over til Riksantikvaren som fredingsmyndighet.

Eigedomen skal handsamast som freda inntil fredingsspørsmålet er avgjort. Dette inneber blant anna at man må ta kontakt og søke Møre og Romsdal fylkeskommune dersom ein vil setje i verk tiltak på bygningane/anlegget (eller innanfor det føreslårte freda området) som vil medføre endringar eller går ut over vanleg vedlikehald. Eventuell fjerning av inventar og større løsøre må også godkjennast av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Nærare opplysninger og informasjon om fredingssaken kan fåast ved hendvending til Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga, ved fylkeskonservator Bjørn Ringstad, telefon 41458971, eller e-post [bjorn.ringstad@mrfylke.no](mailto:bjorn.ringstad@mrfylke.no)

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
kulturdirektør

Bjørn Ringstad  
fylkeskonservator

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikke signatur*

Likelydande brev til:  
Olger Arne Synnes  
Telenor Infra AS

Kopi:

- Klima- og Miljødepartementet Postboks 8013 Dep. 0030 Oslo
- Riksantikvaren Postboks 8196 Dep. 0034 Oslo
- Giske kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune v/KNF-utvalet Fylkeshuset 6404 Molde
- Musea på Sunnmøre
- Kulturdepartementet
- Venneforeningen for Vigra kringkaster v/Jon Hildre
- Fortidsminneforeningen avd. Sunnmøre v/Judith Møster
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Norsk Teknisk museum
- Telenor Kulturarv
- Telenor Infra AS v/Torvald Trondsen
- Telenor Infra AS v/Gunnar Dromnes
- Telenor Infra AS v/advokat Liv Aamaas
- Mørenett AS

